



## Referat

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kyrkjestova  
**Dato:** Onsdag 14. august 2019  
**Tid:** Kl. 18.30  
**Møtenr.:** 5/2019

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskilt innkalling.

### Faste medlemmer som har møtt:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Sigrid Marie Fangel	Leiar
Rasmus Fitjar	Nestleiar
Helga Olsen Aadland	Medlem
Terje Havro	Medlem <i>kom under sak 28/19</i>
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Gunvald Aarbø	Medlem <b>NB. Ord for dagen.</b>
Roald Drønen	Sokneprest
Harald Rydland	Kyrkjeverje

### Forfall:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Sindre Aarbø	Medlem
Sigurd André Maraas	Kommunal representant

### Varamedlemmer som møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
-------------	-----------------

### Varamedlemmer som ikkje møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant



## Sakliste:

Saksnr.	Tittel	Sak for kommunal representant
---------	--------	-------------------------------

S-28/19	Førebuing av kyrkjevalet	
S-29/19	Referat frå sist møte	
S-30/19	Opprop om FN-konvensjon	
S-31/19	Arrangement i kyrkja sin regi	
S-32/19	Meldingssaker	
S-33/19	Open post	

### **S-Sak 28/19: Førebuing av kyrkjevalet**

#### **Framlegg til vedtak:**

Framlegg til vedtak vert lagt fram i møtet.

#### **Behandling i Fitjar sokneråd 14. august 2019:**

Mykje av førebuingane til kyrkjevalet er alt på plass:

Soknerådet, som i denne samanhengen vert rekna som valstyre, har ansvar for å gjera ein del vedtak for det som gjeld gjennomføring av valet. Valet er 9. september kl 09 - 21. Soknerådet må skaffa minimum tre valfunksjonærar gjennom heile valdagen. Kvar gruppe skal sitja i 3 timar. Seks av medlemmane i soknerådet kan vera valfunksjonærar. I tillegg vert det foreslege nokre som soknerådet kan spørja om å vera valfunksjonærar. Oppteljing vert gjort etter kl. 21 valdagen av heile soknerådet. Førehandsrøysting vert på kyrkjekontoret. Informasjon om førehandsrøysting ligg på kyrkja si heimeside.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Seks medlemmar i soknerådet saman med seks andre som Rasmus Fitjar og Terje Havro har ansvar for å spørja skal vera valfunksjonærar. Det vert tre funksjonærar i kvar gruppe. Leiar i soknerådet Sigrid Fangel deler inn i grupper når namna på valfunksjonærar ligg føre. Ein frå kvar gruppe får opplæring om valet i veka før valet. Heile soknerådet vert med under oppteljinga. Roald Drønen, Harald Rydland, Randi Lønning Matre, Kristian Skumsnes og Rasmus Fitjar får fullmakt til å gjennomføra førehandsrøystinga. Soknerådet bad om at det vert laga ei brosjyre eller faldar med bilete og namn på kandidatane til soknerådsvalet.

### **S-Sak 29/19: Referat frå sist møte**

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfestar referatet frå møte den 6. juni 2019.

#### **Behandling i Fitjar sokneråd 14. august 2019:**

Referatet frå møte den 6. juni vart etter møtet sendt til medlemmane for godkjenning. Det endelege referatet er etter godkjenningsprosessen lagt ut på kyrkja si heimeside.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Som framlegg.



### **S-Sak 30/19: Opprop om FN-konvensjon**

#### **Framlegg til vedtak:**

Framlegg til vedtak vert lagt fram i møte.

#### **Behandling i Fitjar sokneråd 14. august 2019:**

Soknerådet har fått tilsendt ei oppmoding frå Holla menighetsråd i Nome kommune om å senda eit opprop som gjeld FN-konvensjonen for statslause til Stortinget og Regjeringa. Soknerådsleiaren la fram saka og brevet som det er ynskjeleg vert sendt til Regjeringa og våre folkevalde.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Soknerådet var einige om at brevet vert sendt slik det er formulert, men ynskjer at brevet vert underskrive med Fitjar sokneråd i staden for Den Norske Kyrkje og vert signert av soknerådsleiar i staden for sekretær.

### **S-Sak 31/19: Arrangement i kyrkja sin regi**

#### **Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

#### **Behandling i Fitjar sokneråd 14. august 2019:**

Soknepresten gav ei kort orientering om planane for arbeidet i kyrkja for første del av hausten.

1. september vert det familiegudsteneste på museet i Aarskog i samarbeid med søndagsskolens dag. Elles vert det gudsteneste med 50 års konfirmantar, presentasjonsgudsteneste av årets konfirmantar og pilgrimsgudsteneste, samt utlevering av 4 års boka i september. I oktober vert det hausttakkefest og temakveld med Per Arne Dahl. I november vert det minnegudsteneste for dei døde og «Lys vakne» arrangement. Se elles kyrkja si heimeside om planen for aktivitetar i kyrkja til hausten.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Soknerådet tek planane for arbeidet i kyrkja i haust til orientering.

### **S-Sak 32/19: Meldingssaker**

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering

#### **Behandling i Fitjar sokneråd 14. august 2019:**

I møtet blei det orientert om desse sakene:

1. Sommaren i kyrkja og på gravplassen  
Det har vore travelt med 13 gravferder i løpet av ferien, men det gjekk greitt. Vikarane på kyrkjegarden har gjort ein god jobb.
2. Revisjon av rekneskapet for 2018  
Ein har ennå ikkje fått ferdig revidert rekneskapet, men det skal vera ferdig til neste møte for godkjenning.
3. Vegarbeidet på utsida av kyrkja  
Kyrkja var innkalla til møte då reguleringsplanen blei lagt fram for eit år sidan. Seinare har kyrkja vore lite involvert og har ikkje fått noko informasjon. Det har vore problem med støy under gravferd. No er forttauet laga slik at det vert problem å få inn lastebil gjennom porten. Endeleg er kyrkja blitt høyrte så nå skal det verta prøvd ut korleis ein skal tilretteleggja for lastebil.



**Vedtak (samrøystes):**  
Som framlegg.

**S-Sak 33/19: Open post**

Parkering v/ Rasmus Fitjar

Han ber om at det vert jobba vidare med plan for parkeringsplassar for kyrkja.  
Han vil koma tilbake med ei sak om dette.

Samlingsplass v/Roald Drønen

Nokon private har kjøpt eit hus i sentrum som dei ynskjer å nytta som ein samlingsplass for ungdom.  
Dei har tatt kontakt for å høyra om kyrkja er interessert i å vera med i eit slikt arbeid. Soknerådet mente det høyst interessant ut, men vil venta på nye innspel.

Møteplan for sokneråder v/Sigrid Fangel

Dei to siste møtane for det gamle soknerådet vert 19. september kl. 18.30 og 17. oktober kl. 18.30

**Signering:**

**Sekretær** .....

**Leiar** .....